



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/3175-1

Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PP-tenesta - oppfølging av vedtak

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjøre slikt vedtak:

1. Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak, vert teken til vitande
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om ny status for oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten frå Deloitte innan 1. september 2016.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak – datert 29.03.2016
- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon Læringsmiljø og PP-tenesta

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjennomførde forvaltningsrevisjon av læringsmiljø og PP-tenesta i 2015. Rapporten vart lagt fram for fylkestinget 13. oktober 2015 i FT-sak 30/15. Fylkestinget vedtok følgjande:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.

Revisor konkluderte i rapporten med at skuleeigar har eit tydeleg fokus i arbeidet med å sikre eit godt læringsmiljø ved skulane. Undersøkinga som vart gjort i samband med prosjektet viste også ei positiv utvikling i PPT sin bistand med det systemretta arbeidet.

Revisor konkluderte også med at det er behov for at fylkeskommunen som skuleeigar må få på plass eit system som sikrar at alle skulane etterlever krava til internkontroll etter opplæringslova § 9a-4.

Revisor presenterte 5 tilrådingar i kapittel 7 i rapporten som fylkestinget ba fylkesrådmannen om å følgje opp at Sogn og Fjordane fylkeskommune:

1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.
2. Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurdere å i større grad etablere felles rutinar på området.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppl. § 11a-5.
4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.
5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.

2. Vurderingar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok notat med oppfølging av prosjektet frå fylkesrådmannen 30. mars. Kontrollsjefen har gått gjennom notatet i lag med Deloitte sin prosjektleiar for forvaltningsrevisjonen. I notatet gjer fylkesrådmannen greie for oppfølginga av dei fem tilrådingane i rapporten.

1. Etablering av system som sikrar at alle skulane driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid.
 - Fylkesrådmannen peikar i notatet mellom anna på gjennomgang og revisjon av «kvalitets- og rutinehandbok for opplæringssektoren»
 - i. Revisor etterlyser i rapporten system som sikrar kontinuerleg og systematisk arbeid med læringsmiljøet i form av overordna retningslinjer, dokument der krava i opplæringslova kapittel 9a er operasjonalisert, eller malar som til dømes viser korleis skulane kan arbeide for å operasjonalisere desse krava og setje mål for læringsmiljøet. Kontrollsjef og revisor kan ikkje finne dette i kvalitets- og rutinehandboka, slik vi forstår notatet frå fylkesrådmannen. Det er uklart kva om er kome på plass av system som sikrar at skuleigar har tryggleik for at det systematiske arbeidet med læringsmiljøet er på plass på alle dei vidaregåande skulane.
2. Etablering av system for å sikre at beste praksis og gode rutinar blir delt.
 - Fylkesrådmannen peikar på at kvalitets- og rutinehandboka sikrar at skulane nyttar felles malar. Det er også oppretta eit eige fellesrom i Fronter for deling av erfaringar og «beste praksis».
 - i. Fellesrommet i Fronter for deling av erfaringar og praksis, vil kunne gje grunnlag for etablering av fellesrutinar knytt til læringsmiljøet i vidaregående opplæring. Punktet vert vurdert til å vere oppfølgt.
3. Sikre at alle vg skular i fylket har rett samansette skulemiljøutval.
 - I notatet frå fylkesrådmannen står det at dette er følgt opp, og at alle dei vidaregåande skulane har skulemiljøutval der elevrepresentantane er i fleirtal.
 - i. Punktet vert vurdert til å vere oppfølgt.
4. Vurdering av korleis ein skal få auka elevinvolvering i læringsmiljøarbeidet i vidaregåande skule.
 - Fylkesrådmannen peikar på god opplæring av elevar i skulemiljøutvalet og elevrådet i tillegg til gode prosessar ved val av representantar som vesentlege punkt for å få auka elevinvolveringa i dette viktige arbeidet. I tillegg er det viktig med styrking av klasseleiingsarbeidet.
 - i. Fylkesrådmannen har vurdert kva som skal til for å få på plass auka elevinvolvering i læringsmiljøarbeidet. Punktet vert vurdert som oppfølgt.
5. Samarbeid skule og PPT om systemretta arbeid
 - Systemretta arbeid er ein del av avtalen fylkeskommunen har med PP tenesta. PPT har stor merksemd om arbeidet. Fylkesrådmannen peikar på styrings- og

dialogmøta med PP-tenesta og møta med rektorane som arenaer der PP-tenesta sin bistand i det systemretta arbeidet er tema.

- i. Fylkesrådmannen peikar på oppfølging mot PPT og skulane når det gjeld i kva grad og korleis PP-tenesta bistår skulane med systemretta arbeid.
Vi vurderer punktet til å vere oppfølgt.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen har i sitt notat med status på oppfølginga av fylkestingsvedtak 30/15 omtala mykje godt arbeid med betring av læringsmiljøet, men kontrollsjef og revisor kan ikkje sjå at retningslinjer og rutinar er på plass i tilråding nr. 1.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å be om tilbakemelding der fylkesrådmannen viser til oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten.